

## Norske kloster – utpostar for europeisk kultur

(NPK–Kari Hamre): «Klostrene ved verdens ende» er tittelen på den siste boka til idehistorikar og teolog Karl Gervin. Han gir oss eit innblikk i cisterciensarordenen i mellomalderen, og særleg korleis munkar og nonner levde sine alternative liv i pakt med Gud her i landet på den tida.

Frå seinantikken til den moderne tida for alvor braut fram rundt 1800, vart det grunnlagt omkring 40.000 kloster i Europa. I Norden kan det i høg mellomalderen ha vore opp mot 200, eller om lag eitt kloster per 10.000 menneske, fortel Gervin. Danmark, som då var større enn i dag, fekk rundt 140 kloster. I løpet av mellomalderen skulle det kome 26 innanfor Noregs noverande grenser, og med unnatak av Hamar har alle desse utpostane for europeisk kultur lege langs kysten. Fem stader i Noreg finn vi spor etter cisterciensarane blant dei – Lyse og Nonneseter i Hordaland, Hovedøya i Oslo, Munkeby og Tautra i Trøndelag. Dei to siste var dei nordlegaste klostra innanfor ordenen, og samtida meinte dei låg ved verdas ende.

### Som eld i tørt gras

Cisterciensarane spreidde seg i alle himmelretningar etter at ordenen i 1098 vart grunnlagt i Cîteaux, heilt aust i Frankrike slik grensa mot tysk område var på den tida. Ordenen bygde tankegodset sitt på grunnprinsippa i benediktinarordenen, der arbeid og bønn er hovudelementa i eit fromt liv. Etter kvart tok interessa for dette livet heilt av, og berre i 1140-åra – då norske cisterciensarkloster dukka opp – vart talet på kloster i ordenen dobla til godt over 350 når vi tek Europa under eitt og ser vekk frå kvinnene. Aldri før eller sidan var veksten så rask som då.

Brørne og søstre gjekk i kloster for å tilbe Herren, be for verda og gjere gode gjerningar. Samtidig vart dei medarbeidarar i eitt av dåtidas største multinasjonale konsern med verksemder over heile Europa og med ein bedriftskultur som konsernleiarar i dag kan misunne dei.



*Pionerane i Cîteaux starta på bar bakke. Her har ein kunstnar sett føre seg klosterbygginga. (Foto: Illustrasjon frå boka)*

### Dei første innvandrarane

Boka «Klostrene ved verdens ende» handlar spesielt om dei norske klostra, der munkar og nonner ofte levde under barske forhold. I fleire hundre år var desse klostra viktige faktorar i norsk samfunnsliv.

Dei tidlegaste klostra her i landet hørte til benediktinarane. Det aller første vart truleg etablert rundt 1100 på øya Selja i Nordfjord.

Vi veit ikkje mykje om kven som vart rekruttert til dei norske klostra. Dei fleste av dei første brørne må ha vore utlendingar – og dei høyrer altså til våre første innvandrarar i historisk tid. Til Noreg kom cisterciensarane via England.

Lyse kloster utanfor Os vart grunnlagt i 1146 av munkar frå morklosteret Fountains Abbey i England og var i funksjon fram til 1536. Dette var det første norske cisterciensarklosteret.

Klosteret på Hovedøya i Oslo vart grunnlagt i 1147 av munkar frå Kirkstead i England. Munkeby i Levanger vart truleg oppført i slutten av 1100-talet og teke i bruk før 1180. Klosteret på Tautra i Trondheimsfjorden vart innvigd i 1207. Nonneseter ved Bergen var truleg eit nonnekloster og etablert ein gong i 1140-åra.

## Klosterkvardagen

Her i Noreg er det skrive mykje om korleis klostera var bygde og alle eigedomsstridane, men lite om kva som dreiv munkar og nonner til eit liv i forsaking og tilbeding. Kva trudde dei på? Kva opptok dei i alle dei timane dei var i kyrkja? Og kva gjorde dei når dei meditere og kontemplerte? Kvifor skulle dei ikkje snakke saman, og kvifor var dei vegetarianarar i eit land der dette nesten var naturstridig?

Berre ruinar av klostra står att hos oss, og dei norske dokumenta som er tekne vare på om

cisterciensarane, er ikkje mange. Karl Gervin har derfor vore i utanlandske kjelder for å lære desse brørne og søstrene betre å kjenne.

Vi følgjer munkane og nonnene frå dei står opp for å gå til døgnets første gudsteneste klokka to på natta. Vi høyrer om dei mange timane i kyrkja med gregoriansk song, om lesing, bønn og meditasjon. Vi får vite kva dei et og korleis dei søv og følgjer dei når dei går ut av denne verda.

## Nyetableringar

I fleire hundre år var desse klostra viktige faktorar i norsk kulturliv og samfunnsliv, men i dag er det berre ruinar igjen av klosteranlegga frå mellomalderen. Tre stader i landet har derimot cisterciensarar etablert seg igjen – Tinn ved Rjukan, Storfjord i Lofoten og på Tautra. (©NPK)